



ULSTEIN KOMMUNE



ULSTEIN
- der baug bryt bære

RAPPORT

Innbyggardialog via CityPlanner

Turvegar i fjellområda – Hasundhornet og Osberget



25.05.2018

Anita Sundnes

Leiar for plan- og bygningsavdelinga



Arealdelen av kommuneplan 2018-2030 for Ulstein kommune har vore ute til 2. gongs offentleg ettersyn i perioden 05.04.2018 – 18.05.2018.

I kommuneplanen er det vist forslag til nye turveggar/stiar i fjella våre, deriblant ein turveg til Hasundhornet og ein til Osberget.

Då dette er turmål som veldig mange av innbyggjarane i kommunen nyttar, ønsker vi å få vite kva brukarane meiner. Vi la difor ut ein 3D-modell i verktøyet CityPlanner og bad folk om å kome med sine synspunkt.

Vi stilte fylgjande spørsmål:

KOM MED DINE SYNSPUNKT X

1 Dette er ei anonym undersøking der svarea som kjem inn vert samla opp og lagt fram for politikarane, samt publisert på sida her.

2 I tillegg til dine synspunkt på turvegane vil vi gjerne vite korleis du nyttar fjellområda våre og din alder slik at vi kan få litt statistikk på dette.

3 Kvar bur du?

4 OSBERGET
Utsiktspkt KASSEN
ULSTEIN KOMMUNE
LEIANNA KOMMUNE

5 ALDER

6 Korleis brukar du fjellområda på Hareidlandet? (fleire svar mogleg)

7 TURGAING
TRENING
GÅR NOLJE I FELLETT

8 OM DEG
PAGE 1/5

KOM MED DINE SYNSPUNKT X

9 Kva synest du generelt om å lage fleire turveggar i fjellområda våre?

10 KJEMPERRA
DET ER GREITT
SAME FOR MEG
ER LITT SKEPTISK
NEI, NOK ER NOK!

11 OSBERGET
Utsiktspkt KASSEN

12 GENERELT OM TURVEGAR
PAGE 2/5

KOM MED DINE SYNSPUNKT X

13 Hasundhornet: grad av opparbeiding synest du det bør vere her?

14 A: GRUSA TURVEG INN TIL 2,5 M BREI
B: GRUSA TURSTI INN TIL 1,5 M BREI
C: MINDRE OPPARBEIDING OVER VÅTE/VANSKELEGE PARTI
D: INGA OPPARBEIDING

15 OSBERGET
Utsiktspkt KASSEN

16 HASUNDHORNET
PAGE 3/5

KOM MED DINE SYNSPUNKT X

17 Mot Osberget er det foreslått turveg med universell utforming, dvs at då må det vere kategori A.

18 Synest du det bør leggest til rette for slik turveg der?

19 JA
NEI

20 OSBERGET
Synest du denne turvegen skal gå heilt bort til Osberget, eller held det at den går til utsiktspunktet Kassen?

21 OSBERGET
KASSEN
INGEN TURVEG

22 OSBERGET
PAGE 4/5

KOM MED DINE SYNSPUNKT X

23 Har du andre synspunkt du vil dele med oss?

24 NOKO MEIR?
PAGE 5/5



Vi la også inn i modellen bilder som viste eksempel på dei ulike kategoriane av turveggar/-stiar (jf § 8.1.3 i framlegg til føresegner):

A - grusa turveg inntil 2,5 m brei:



B - grusa tursti inntil 1,5 m brei (som etterkvart vil gro litt att):



C - mindre opparbeiding over våte/vanskelege parti:




Det kom inn 182 innspel i 3D-modellen. I tillegg vart det lagt inn ein del kommentarar på kommunen sin facebookside.

På dei fylgjande sidene vil vi presentere resultatet av undersøkinga. Alle kommentarar vert til slutt lista opp, gruppert etter tema.



Innbyggardialog - resultat

Totalt antal personar som har vore innom modellen: 949 (1162 oppslag)
Antal svar på innbyggardialog: 176 (totalt 182 men 6 stk var utan innhald)
Gjennomsnittsalder på dei som svarte: 46,5 år




Bur i Ulstein: 150

Anna kommune: 16


Ikkje svart: 10

Kva vert turvegane brukt til?




Kva synst folk om at det vert laga fleire turvegar i fjellområda våre?





Turveg til Hasundhornet:


44% av dei som har svart, meiner at opp til Hasundhornet må det kun gjerast mindre tiltak over dei våtaste partia, altså etter kategori C i framlegg til føresegner til kommuneplan.



Universelt utforma turveg til Osberget:


Her meiner 55 % at slik veg vil vi ha.





Dersom universelt utforma veg vert bygd, skal denne da gå heilt fram til Osberget, eller kun til utsiktspunktet Kassen?

Her svarte 51 % at dei ønsker at turvegen skal gå heilt fram til Osberget.



I tillegg til å svare på konkrete spørsmål, kunne ein i undersøkinga også legge inn ein generell kommentar.

Desse kommentarane, ilag med kommentarar som kom inn via Facebook, er å finne usortert på dei neste sidene.



Kommentarar lagt inn i 3D-modell:

Kommuna har mangeturvegar på grus. Fjella som Hasundhornet og Osberget er flotte og lett tilgjengelege turmål for små barneføtter. Osberget er også svært mykje nytta av både barnehagar og skuleklasse. Dette er ein flott og lett tilgjengeleg tur der borna får oppleve meistring i å gå i ulendt terreng. Dei kan også springe lett på dei fine stiane der. Det ville vere svært trist om barna skulle miste eit så svært lett tilgjengeleg turmål med ulendt terreng, til fordel for ein grusveg. Born og vaksen også treng trening i ulendt terreng. Turen til Hasundhornet er også ein fantastisk fin og lett tur for småbarnsfamiliar der borna får kjenne på meistring over det å vere ute i naturen, kike på maurane og insekta som dei finn på stien, skattane som dei finn gøymde der dei går i form av fine små steinar, samt den ubeskrivelege gleda over å kunne springe både opp og ned på fjellet. Denne gleda får dei ikkje på ein grusveg. Ver så snill, lat oss få behalde desse to flotte turområda for barnefamiliar. Lat borna få kjenne på gleda over å ferdast ute i naturen, springe hand i hand nedover fjellsida, falle i den mjuke lyngen og kjenne på lykka over å ha meistra noko litt utanom det vanlege.

Vi må la borna våre lære seg å gå på stein, myr og torv!

Tilrettelegging av stiar er flott for turopplevelsen, og også turisme. Men, å anlegge veier i dei naturområda vi har igjen er eg veldig skeptisk til, da det tar bort opplevelsen av å verre ute i naturen, det er sunnest for 99 prosent av oss å gå på litt vareierande underlag, og ikkje kun flate veier. Utbedring av våte områder og arbeid med stiane som ligg der er eg veldig positiv til da vi bor i et ganske vått landskap.

Bør hs beøysning kveldstid vinterhalvåret

Bra med brei veg for både barnevogner og eldre. Fint om det blir lys langs dei nye gangvegane.

Synest d er veldig positivt med disse grusveiene vi har fått til nå. Men mener kommuna skal konsentrere seg om å få ferdig d som er startet på også begrense vidare inngrep til å utbedre de våte områdene både på Osberget og Hasundhornet.

For begge desse turane vil d nok kreve både drenering/grusing/klopper i en viss utstrekning, men ønsker at den delen av sti nettverket som er "ok" (normalt tørr/lett fuktig) bli værende sti.

Uansett utfall så fortjener kommunen skryt for dette tiltaket.

-kategori (b eller) c også til osberget. Treng vel ikkje bilveg, men godt å kunne gå lette sko. Ellers har dei gjort mykje bra på Runde med bruer og steinlegging. Dette gir ends mindre inngripen i naturen.

Håpar på smal turveg (B) vidare frå turvegen bak Vassverkshytta til Lisjevatnet. Det er synd om nokon set seg i mot den. Gler meg til å nytte den vegen etterkvart. Hatten av for Ulstein kommune, som legg til rette for at alle skal ha moglegheita til å kome seg ut i naturen. Det er godt for helsa, både fysisk og mentalt. Eg er glad eg bur i Ulstein, og vil betale min formueskatt utan protestar. Det er ein god investering, etter mitt syn! Stå på!

Fint om dei kan ha lys kveldstid i den mørkere årstida

JA JA JA vil ha fleire turvegar. Dei som vil ha fjell utan turvegar kan gå på mange, mange andre fjelltoppar.

Lage fleire vegar slik at fleire kan bruke dei flotte områda. Er mange mange fleire som går tur no etter at vi bla fekk smal grusveg til Nibben og også opp mot Breifjellet. Så HURRA for fleire turvegar.

Turvegen fra varleite burde forlengast over skaret og knyttast inn på den som går opp til mosvatnet. Slik ein fikk ei runde.

Dette med tanke også på dei som ikkje kan gå.
Og for å spare terrenget.
Samt gjere det litt meir lavterskel for å trimme.

Turveg til Osberget må vere universellt utforma, men det er nok med ca. 1,5 m bredde. Legg traseen frå Kassen mot sør, så unngår ein dei verste myrområda før ein kjem inn på bergryggen der råsa går frå Hunden/Bugardsmyra til Osberget.

Hasundhornet; velg ein trase der det blir kortast mulig kryssing av myra frå hyttene til bergryggen mot sør.

Bygg enklare vegar/stigar og bruk pengar på å oppruste gamle råser slik at ein kan gå meir tørrskodd over våte områder.

Eg synest det er gjort nok veginngrep i naturområda, men det er ok å sluttstille vegar som ikkje er ferdige, tenkjer særleg på vegen overfor vassverket på gamleidet der det framleis er berre pukk. Tilrettelegg gjerne våte/fuktige stigar med klopp, grøft, for å redusere slitasje, men ikkje veg. Set ut bosskasser ved startpunkt for turmåla slik at ein får ned forsøplinga av hundeposar.

Det hadde vore fint med litt meir grus siste delen fram mot Nibben.
Kjekkt med fine turvegar, supert tiltak!

Ikkje øydelegg god natur som er god både for rygg, bein og helsa elles. Ulendt terreng skapar demping og god bevegelighet. Eg brukar sjøl ikkje turvegat fordi eg trenar på fjell og i fri natur som avkobling og fred. Ta vare på naturen og dyra.

Ikkje øydelegg meir av Osberget og området rundt der no - det fører til at det blir overfylt av folk i tillegg. Eg veit om mange som ikkje går tur der lenger fordi det «alltid er så mykje folk». Alt treng ikkje å bli utarbeida og større heile tida. Området er fint nett som det er!!

Treng nokon stadar som er urørde, godt for dei med rygg//nakkeplager etc. å kunne gå på skogssti framfor grus

Berre å sette i gang med desse tiltaka, men synest ein bør prioritere kategori C og vedlikehald av eksisterande løyper i ettertida.

Turvegar er veldig bra for folkehelsa og dokke he gjort en kjempejobb.

det er 8km med turstier på øya vår og det bør holde. Om pengestøtta skal brukast opp, lag heller turstier på høgåsen på dimna. då blir det mindre "trykk" på osberget. fleire folk på tur og kommunen får auka tursti km sine.

Turveger har vi vel nokk av, på tide å bruke pengane på viktigere ting som tryk skuleveg ect.

Det er i mine auge feil å avslutte turveg med universell utforming ved Kassen. Rullestolbrukarar m.fl bør ha same moglegheit som andre til å kome heilt fram til Osberget på best mogleg måte. Eg er ikkje ein av dei og klarer meg såleis fint med ein liten sti sjølv, men ingen veit kva morgondagen bringer...

Veldig glad i universelt utforma stiar, då eg veit mange i t.d. Rullestol oga vil kjenne på naturen. Men sjølvsagt avgrens utbygginga, men til Osberget er det fint å legge opp ein slik veg.

bra tiltak

Kan ikkje vi gjer oss ferdige med prosjekt for prosjekt? Der er ein halvferdig turveg opp frå pumpehuset i Varleite mot Høgskjervene som treng ferdigstilling. Pukk-steinen enkelte parti er ikkje noko særleg for verken barnevogner, rullestolar, eller eldre, dårlig til beins med rullator/krykke. Fyll på med grus og planere ferdig :)

Deretter knyte i hop Mørdis/Lisjevatnet og Høgskjervene/Vikeskaret. Då får vi oss ei rundløype både sommar og vinter! :) Mykje viktigare enn Hasundhornet! Det kokar med folk kvar dag opp mørdarbakken og opp i Vikeskaret! :) Men plass til fleire! Og vi må gjerdet tilgjengelig for fleire - ref dårlig til beins og rullestolar :)

Ikkje gap over for mykje no. Det blir som å starte å pusse opp alle rom i huset før du gjer ferdig eit og eit. Då kjem fort «Sinnasnekkeren» på bana...

Fantastiskmed tiltak, veldig bra initiativ frå kommuna! :)

Eg synest dokke skal gjere først ferdig påbegynte prosjekt. Utbedring av Osberget er veldig bra og fagnar mange brukarar (skule-elevar, eldre, besøkande, barn). Eg vil også at dykk ser på moglegheita for kyststi frå Osnessanden til Flø. Dette vil attraktivt og tilgjengeleg året rundt (snøfritt). Slike kyststiar er dei mest populære andre stadar i landet. Sjå til Runde og utbygginga der når det veg til Hasundhornet.

Syns det har vore veldig positivt at det har vorte laga turvegar som er lett tilgjengeleg, dette er viktig for folkehelsa og gjer fjellet tilgjengeleg for fleire. Samtidig meiner eg at det er viktig å ikkje gjere for store inngrep i naturen, og syns fokuset bør vere på å ferdigstille og samkoble dei turvegane som er laga og vedlikehalde desse.

I min barndom/ungdom nytta vi mykkje Bugardsmyra, Osberget og Folkehøgskogen. Men særlig bak Hunden på myrane der vart det da fortsatt tatt ut torv til brensel av nokre Osnesgardar. Her var tydelige renner i feit torv jord samt et par Torvskjå i bindingsverk. Dei var til å lagre turka torv til ein tok det ned til vinteren. Eg synest ein burde arrangere ei torv renne og ein torvskjå , slik at etterslekta kan sjå kva dette gikk ut på, langs eller som ein avstikkar frå turveg bort til Osberget.

Osberget: ordne dei våte partia - ikkje vei

Fullfør alle påbegynte prosjekt før nye vert starta. Så bruk alt c / 3

Fint med tilrettelagte turvegar for å ta vare på vegetasjonen. Turvegar opp mot 2,5 m synes eg vert for voldsomt og fryktar folk vil ta seg til rette med bil eller mindre kjøretøy. Eg meiner det bør halde med ei breidde på 1-1,5 m, og når ein først gjer slike ingrep i naturen bør det gjerast skikkeleg slik at brukarane får ein flott sti å gå på. Med dette tenker eg på turvegen frå vassverket bak Varleite/hofset der store deler av turvegen er av pukk og ikkje veigrus noko som ikkje er særlig godt å gå på. Ellers flotte initiativ!!

- Registrere fleire (alle) turar I Ulstein på Morotur.no
- Utbetre våte parti på eksisterande stiar

Legg til rette for parkering

Synes heilt ærleg at de bør bruke pengane på andre ting enn dette, vi har eigentleg nok turstiar no, om folk vil ut er det berre å få på seg fjellsko. Dersom nokre har vanskeleg for dette (rullestol, barnevogn o.l) har vi fleire turstiar allereie. Vi må tenke på naturen også, det tek tid for naturen å gro tilbake rundt vegen, vi ser dette fortsatt i Bugarden og turstiane der.

Begrens turstien til ensmal steinsett sti som er tørr å gå p

Turvegen bør minimaliserast. Minst muleg naturinngrep. Det kan difor vere greit med utbetring av stiane som vi allereie har over dei våte partia. Ein enorm trafikk vil lett få konsekvensar for fugle og dyreliv. Men som sagt er eit utbetring av eksisterande stiar er greit.

Kanskje kan det vere en fordel og få gode erfaringar frå dei andre vegane som er bygd, for å sjå kor dyrt vedlikeholdet av desse er, og for å sjå om dei er like mykje eller meir i bruk om 5-10 år. I tillegg må det vere en skikkelig plan bak vegane som blir bygd, slik at mest mogleg blir effektivt utnytta, og bygd med ein skikkelig tanke, ikkje berre bygge for å bygge.

Legg ut gode trebruer som på Rundefjella i dei våte partia rås mot Hasundhornet. Opparbeida grusveg er eitt alt for stort inngrep i naturen der som ikkje kan reverserast

Ifølge naturlova skal du forlate naturen som du finn den . Da kan de nesteste generasjoner også få se uberørt natur.Grunneigar retter er heller ikke ivaretatt mtp. Jakt og overtramp.Om folk er blitt så degenererte at de må ha merka stier og vei for å finne frem til hvitmalte benker på desse små holmer kan de ta seg en gåtur i sentrum istede

utbetring og tørrlegging av stien til Osberget

Nei takk til store inngrep i naturen.

Vi må passe på at ein har ein variasjon av både naturleg terreng og opparbeidde turstiar. Her meiner eg dei korte fjellturane kan ha opparbeidd tursti og dei høge naturleg terreng med steinheller/treplanker over dei våtaste partia

Ulsten kommune har gjort ein kjempejobb med å få folk i alle aldrar ut i naturen. Fortsett med det.

Bra med mange turvegar, hjelper alle til å kome seg ut i naturen, helsebringande, ein vinn-vinn situasjon, for kvar og ein og på sikt for helseetaten i kommunen!

Viktig å legge til rett for bruk av fjellmog natur her. Det er meir enn nok urørt natur for dei som ikkje ønsker tilrettelegging.

Veldig positivt tiltak

Trasseen til Hasundhornet bør gå via Høgebruene og opp på toppen. Her har vi kjempes fine utsikt!

Turvegen som er påbegynt (Vassrenseanlegget og over myra), må gjerast ferdig.

Det bør satsast meir på å tilretteleggje fleire stiar/turvegar i kategori C

Med all respekt for naturen er det veldig flott med turstiar. Eg trur dette er eit kjempepluss for turismen å kunne gå tur i naturen utan tunge fjellstøvlar eller gummistøvler. Og det opnar for sykling, rullestol, og for ski om vinteren.

Turstiar er eit kjempetiltak, tommel opp :)!!

Turveien til Hasundhornet må starte på Brekken og følge råsa oppover
Det gir bedre utsikt og bedre forhold og utsikt til dei som ikke kan gå helt til toppen

Kategori A turveg vert for stort inngrep. Kat B er tilstrekkelig for dei aller aller fleste. 1,5m er breitt nok til elektrisk rullestol. Stigning er av større betydning.

Vil vera eit brutalt inngrep i vakker urørt natur å lage vegar opp i fjellet vårt! Greit å samle det på ein plass (f eks osberget) men la resten vera urørt slik at ein får den ekte naturopplevinga.

Å gå tur i fjellet skal være akkurat det, altså tur i fjellet utan kunstig tilrettelegging. Inngripen tek vekk fjell og friluftsopplevingar. Eg går mykje i fjellet, eg som alle andre aldres smått om senn, men kan ikkje forestille meg at eg skal gå på fjellet på grusvegar om eg blir dårleg til beins, og det blir alle før eller seinare. Då er her andre stader å gå, eg ønskjer ikkje at fjellet skal ødeleggjast av den grunn.

Svært stor andel mennesker i dag har større eller mindre plager med rygg, hofter og knær. Å gå på asfalt er det verste for folk med slike plager. Nest best er grusvei. Det bør være en del lett tilgjengelige turstier med et underlag som er bra å gå på. Siden det er så mye myrlendt terreng, kan det gjøres enkel tilrettelegging. Så er det nok bra med noen veier som har universal utforming. Dersom rullestolbrukere skal kunne nytte disse, bør det vel ikke være for bratt. Nå har vi fått noen turveier, og det har nok vært bra for de som har vanskelig for å komme seg ut på tur, men jeg tror ikke vi har behov for flere. Veien opp i Vikeskaret bør ferdigstilles. Ideelt sett burde denne vært 1,5 m bred slik som Mørdarbakken. Da ville den etterhvert kunne bli bedre inn i terrenget. Slik den er nå, er den nyttig, men stedvis vond å gå på, og ikke noen skjønnhet i terrenget. Et argument for den bredden den nå har, er at det kan bli lettere å komme opp, mensærlig ned igjen fra fjellet på ski når det er skiforhold høyre oppe

Greit med turvei til Osberget, men den bør ikke være mer enn 1,5 m bred.

bruger området på hasundhornet til turer og jakt, og det er ofte orrfugle og harer der som denne turstien er planlagt.

Et så stort inngrep som en 2,5meter breid vei er å regne som miljøkriminalitet. Denne øya vår er ikke så stor, og dei turstiane som er laga opp til lisjevatnet og mosvatnet bør være nok.

Bra tiltak men ein treng vel ikkje gå for kategori A heile veien opp til Hasundhornet. Da holder det vel med kategori C el eventuelt kategori B.

En turvei til Hasundhornet vil gjer det enklare for mange å ferdast der. Der er eit populært turmål for unge og gamle, med den finaste utsikta Ulsteinvik har å by på.

Hasundhornet er også aktivt brukt til Paragliding og speedriding, ein turveg opp vil uten tvil auke luftsporten i Ulsteinvik.

Kva med den kommunale vegen på Hatløya? Den har ikkje våre fornøye på minst 20 år og det er fleire hundrede personar som ferdast der heile året. Vegen er snart berre gjørme og rås. Det er i mitt syn ikkje akseptabelt at ein kommunal veg skal kunne sjå slik ut.

Ulstein kommune gjer ein kjempejobb med å leggje til rette for at innbyggjarar med ulike helseforutsetningar skal komme seg ut på tur. Å byggje firefelts vei til dei høgste toppane våre er ikkje verken nødvendig eller gjennomførbart på ein ansvarlig måte. Å byggje ut turstiar til varierte "lette" turmål er ein fantastisk måte å også inkludere våre sambygdingar som av ulike årsaker ikkje kjem seg på tur over myr og tue.
Ulstein kommune, der baug bryt bære og alle innbyggjarar kjem seg på tur heile året! :)
Stå på!

Synest Osberget kan få sti kategori B eller C

Vegane vi har i dag er veldig bra. Osberget kan opparbeides, og vegen som knytter Varleite til vegen mot Lisjevatnet, bør også fullførast. Vi har da mange alternativ for de som ikke kommer seg ut i terrenget. Hasundhornet bør spares. Lag til i de områdene som er bløttest med stokker, stener eller bruer, og avslutt med det.

ulstein kumune har ikkje penga .no bær dei stoppe -

Jeg mener at alle har sin rett til å nytte fjell til rekreasjon og glede. Både funksjonshemmede, eldre og friske. Veldig bra at kommunen satsar på dette.
Å lage en kjørbær vei opp Hestelegda, som i utgangspunktet er et fantastisk lett tilgjengelig utkikkpunkt både til fjord og fjell for friske mennesker, er samtidig vanskelig/umulig for eldre og funksjonshemmede. Dette mener jeg burde vært på sin plass. for lenge siden.

Det er mye motstand mot motorisert ferdsel i utmark og opparbeiding av veier/turløyper. Jeg flyr paraglider og instruerer. Det hadde vært fantastisk om det ble laget en kjørbær vei frem til Hasundhornet eller Hestelegda (hvor vi har startsted med vindpølse og værstasjon) hvor man lett kunne kommet til med utstyr og for folk med funksjonshemming og eldre slik at det finnes ett sted hvor ALLE kan nytte utsikten over den flotte byen vår.
Jern og metall jobbet for å få til vei på Hestelegda i sin tid men det stoppet opp. Vi har mer enn nok fri uberørt natur for den som ønsker det. Vi burde hatt litt natur som var tilgjengelig for ALLE.
Kjørbær grusvei til Hestelegda som har utsikt og så mulighet for å få på godt opparbeid tursti kl A til Hasundhornet hadde vært fantastisk
Luis Fonseca, instruktør Stratus Paragliderklubb.

Få ferdig gruset og opparbeidet vegen fra vasshuset til vegen mot Lisjevatnet.

Det er fortsatt stygge sår og arbeid som står igjen på dei vegane som er komne. Dersom ein absolutt har behov for å bruke meir pengar så bør ein legge dei i områder og fjellsider som ikkje er berørte. La viddene som er der være i fred. Vegen opp til Mosvatnet er eit strålende eksempel der ein kunna valgt å unngå meir menneskelig inngrep. Det er godt mogeleg at det har eit folkehelseperspektiv med vegane i nærleiken. Men det er ikkje vegane innover viddene våre som får fleire ut av stolen. Det er overgrep mot naturen. Eit stygt som sådan. På mykje brukte turstiar som til dømes Hasundhornet kan ein tilrettelegge over dei myrene som treng det mest.

Topp tiltak!

Ulstein kommune har lagt godt til rette i sentrum. Gløym ikke utkantane. Haddal bør få gangveg på brua si. Dette har vært en sak i snart 20 år.

Svært mange brukar no turvegen frå vik og fram til Nibben. Siste delen av vegen fram til utsiktspunktet på Nibben kunne godt ha vore grusa opp.

Auka ferdsel øker behovet for parkering i området. Det er til tide kritisk allerede i svingen ved bugardsmyra

Alle desse turstiane er berre noko tull og kommunen må slutte å bruke pengar på tull og begynde å spare litt pengar. Det vil og vere minimalt med rullestolbrukera som kjem til å bruke desse turstiane. Eg jobbar med utviklingshemma personar og kjenner til desse personane og har aldri høyrte eit ønske om å fare på fjellet.

Traktorvegen til Nibben må få litt grus på dei blautaste partia. Ferdselen der aukar ettersom det no også er blitt "stikkut-veg" ! Tilrettelegging av turveg er SUPER-TILTAK.

Kupert terreng er bra for både kne å rygg og langt meir inspirerende å gå enn grusa vegar. Ikkje ta frå dei som bur i sentrum alle dei lett tilgjengelege naturlige stiane. Dei som kun er ute etter å trene kondisjon og som er livredde for å skitne til den svinedyre tekniske bekledninga, har nokk grusvegar som det er.

Eit utrolig bra tiltak som bidreg til å få folk opp og ut i naturen. Ulstein kommune er i føregangskommune i å legge tilrette desse flotte stiane

Det øydelegg litt av opplevinga med å gå i turterreng om det blir for mykje veg.

Egskulle ønske ein kunne lagt bittelitt grus på det siste stykket av vegen opp mot Nibben. No skal det veldig lite regn til før det blir velig sleipt og glatt. Dette gjeld strekket etter alle bakkan opp, spesielt etter bekken (på tur opp). Her trur eg vegen kunne vorte mykje betre med tre lass grus.

Eg kan forsvare ein turvei av klasse B til Hasundhornet grunna den store slitagen på terrenget. Det er vel vårt mest brukte fjell og det viser igjen på stien. Generelt er eg skeptisk til vegar i høg fjellet. Derimot synest eg det er OK med god tilrettelegging isentrumsnære strøk. Flott med god tilkomst for alle til Osberget.

En gangveg frå Selvågtunnelen til Haddal der mykje av gamlevegen ligger endå..

Kan forstå ønsket om fleire vegar, men det kostar å bygge, og dei skal og haldast vedlike. Viktigast av alt er at ein treng å bevare den kvaliteten (relativt) urørt natur faktisk er i eit travelt og masete samfunn. Er veldig glad for dei grusstiane vi har fått både i Ulstein og på Hareid, fordi dei bidreg til aktiv bruk heile året. Men, det er ikkje dermed sagt at det er ønskeleg å få lagt opp slike vegar til alle tenkelege stadar det kan vere kjekt å opphalde seg. Vi treng luft og ro rundt oss.

:-)

Synst ikkje det er greit å ødelegge den flotte naturen vi har med vegar. Det øydelegg heilt roa og sjarmen med å gå på fjellet når du skal å på veg.

Fantastisk at Ulstein kommune vil legge til rette for ein universelt utforma turveg til Osberget! For alle rullestolbrukarar og gamle som er dårlege til beins, vil dette vere ei stor gåve...

Flott med dei vegane vi har fått. Greit om våte/blaute raser inærrområde vert utbedra. Viktigst dei vegane som er laga, vert godt vedlikeholdt

Veldig bra med ein god turveg til Hasundhornet og Osberget. Dette kan bli Ulsteinvik sin variant av Fjellstua/Aksla i Ålesund og Fløyen i Bergen. Bra både for lokalbefolkning og besøkende.

Fint om der vart lys på stiane kveldstid

Vil gjerne sleppe å gå på grusvegar når eg skal på fjellet. Det er ikkje friluftsliv for meg.

Undersøkinga gjeld berre to vegar. Vil derfor kommentere dei andre vegane også.

Vegane birtrar til å konsentrere trafikken på fjellet. Vidareføring av Vikeskardvegen mot Lisjevatnet vil leie trafikken frå Gamleidet utover mot Liesjevatnet og Mosvatnet i staden for til Osnesdalen og Mosvarden. Dette er ikkje bra. Dessutan er det for det meste tørt terreng der som denne vegen er planlagt og det er lite behov for tilrettelegging. Vegen bør uansett ikkje ikkje vere laga som grusveg.

I undersøkinga blir det ikkje spurd om fleire viktige måtar å bruke fjellet. Dette gjeld fiske, jakt, bærplukking, rekreasjon og fuglekiking og hytteliv. Dette er aktivitaer som har ein mykje meir roleg karakter en jogging og turgåing. Det er viktig å ta omsyn til at verdien av fjellnaturen blir redusert for desse brukargruppene.

I argumentasjon for bygging av fjellvegar blir det mykje fokusert på folkehelse. For dei som er i stand til å bevege seg ute i terrenget er det best trening i å gå i ulendt terreng.

I bruk av denne undersøkinga må ein ta omsyn til at dei som ynskjer å verne natur ofte er i mindretal. Majoriteten vil ofte legge beslag på natur ut frå andre verdisyn enn dei som vil verne. Ved å bygge vegar på fjellet gjer ein det lettare for folk flest å kome seg på fjellet. Men dei som vil oppleve mest mulig fri natur får lenger og lenger veg for å kome seg dit.

Ulstein kommune bør ikkje anlegge fleire grusvegar i fjell- og naturområde.

Eg meiner at det er viktig å diskutere kor store inngrep ein skal gjere i naturen, særleg i fjella. Slik eg ser det, er det bra å tilrettelegge for turvegar i område som ligg nær allereie eksisterande vegar, slik det til dømes er gjort på nedsida av vegen frå Gosneset til Flø, men eg meiner at ein må vere langt meir forsiktig med å gjere inngrep i område der det i dag er naturlandskap.

I diskusjonar om tilrettelegging av nye turvegar blir gjerne folkehelseomsyn brukt som argument for å bygge nye grusvegar. Ein skaper inntrykk av at dette er ein diskusjon for eller imot folkehelseiltak. Slik eg ser det, er dette ein falsk motsetnad. Det er andre interesser som står imot kvarandre. På den eine sida har ein dei som ønskjer ei større grad av tilrettelegging, og som opplever at turvegar gir dei moglegheit for rekreasjon og gode opplevingar. På den andre sida har ein dei som opplever at turvegar i naturlandskap er inngrep som gjer skade, og som ønskjer å bevare naturen som den er. Det å stille seg kritisk til turvegar handlar såleis om å ville verne naturlandskapet og bevare tradisjonsrike råser. Eg tar til orde for eit friluftsliv som set naturvern og naturoppleving i sentrum, og stadig utbygging av grusvegar er ein trussel mot slike verdier.

No bør ein bevare litt av naturen slik den er.

Hareidlandet er eit avgrensa område, og vi må tenkje oss godt om før vi gjer irreversible endringar i naturen. Det fjellandskapet vi har er unikt, og har ein verdi i seg sjølv. Dette handlar i stor grad om korleis vi ser på naturen. Eg meiner vi har eit ansvar for å bevare naturen, for vår eigen, og komande generasjonar sin del. Med ein gong ein grip inn og gjer menneskeskapt endringar i naturen, mistar ein noko viktig. Eg ønsker også at vi skal behalde flest mogleg naturlege råser i nærmiljøet, slik at også små føter får trene seg på å gå i ulendt terreng. Ein skal ikkje trenge å køyre bil frå Ulsteinvik for å kome til ei rås.

Eg trur også det alt i alt er betre for folkehelsa å gå i rås, då dette utfordrar balansen vår og sansane våre på ein annan måte.

Er skeptisk til fleire gruslagde vegar. Det finst gode moglegheiter og vegar allereie, fleire stader. Osberget er ei perle, noko grusveg her er eg redd vil øydelegge området. Utbetre der det er veldig vått og myrete utan å lage autostrada. Det same gjeld for Hasundhornet. Der er det veldig gjørmete og breitrakka oppover. Legg ut stein og eventuelle gangbruer. Ikkje gjer uoppretteleg skade... Runde er vel eit godt døme på korleis det kan gjerast på ein god måte.

Vedkomande Osberget: Alternativ A og B er uaktuelt. Det øydelegg området. Lettare tilrettelegging over våte parti bør kunne akseptast. Jf. arbeidet som er gjort til Runde fyr. Liknande bør gjerast mot Hasundhornet. Gangbruer over våte parti og hellelegging der det har lett for å bli svart/uttrakka/gjormete. Hellelegging fell naturleg inn i terrenget og bruer kan lett fjernast. Opparbeiding av turvegar kan for enkelte vere ein fordel men for folk med ryggplager og liknande vere ei stor ulempe, då er det mykje betre å gå i ulendt terreng. Ein bør då ikkje øydelegge eksisterande råser.

Det er no bygd ein del turvegar på fjellet Bortsett i frå strekna rundt Lisje- vatnet, frå Lisje-vatnet til Mosvatnet, og den påbegynte turvegen frå høgdebassenget ovanfor Varleite og oppover mot fjellet er dei turvegane som er bygde bygd stort sett opp på ledningsnett til vassverket.

Særleg er den påbegynte turvegen ovanfor høgdebassenget skjemma i terrenget der den ligg uferdig. Her er det til og med brukt store mengder med skotstein frå Arena Ulstein, Høyringsinstansane gjekk også i mot å drener den strekninga trasèn på vegen går over myr. Kommunen valde å bruket stein i staden.

Det er viktig også ha urørt natur i fjellet i kommunen., meiner at kommunen no alt har eit godt tilbod turvegar.

Når det gjeld strandsonen, meiner eg planleggarane og politikarane i Ulstein kommune i for liten grad legg vekt på å bevare fjøra og livet i fjøra, Eg viser til det PBL og grunnlova vektlegg om å ta vare på naturen for fremtidige generasjonar. Når det blir gitt løyve til naustbygging, må ein kunne skåne livet i fjøra mest mulig og ikkje tillate at fjøra blir betongifisert. De har eit ansvar for å legge opp til at det blir brukt for eksempel togsinker istf. betong, Viss de ikkje klarer å følge opp, så må de i alle fall ikkje tillate meir enn ein slipp pr. naustrekke. Dør på baksida av naustet til å ta ut båt med vogn og ta den ned på fellesslippen er mitt tips, istf. å fylle ut fjøra. Eg har sett på utfyllinga som no er gjort for planlagte naust på Saunes og det er mildt sagt uvettig og lenger ned enn det som kartet seier. Støer er dessuten fyllt ut unødvendig og lite gjennomtenkt. Dessuten har ein nausteigar flislagt og restar av flislim, flis, plast og metallbitar låg i fjøra og blei delvis tatt av flo då vi passerte sist tirsdag. Her trengst kontroll!

Det ser også ut som at utbyggarar som har ein link til kommunene slepp lettere enn andre, eksempel på dette er her tilsett i kommunen og i eit tidlegare tilfelle ein Ap politikar som fekk tilgjeving i etterkant etter utfylling av fjøra på Skeide,

Fleire stader i kommunen ser det ut som at det ikkje blir tenkt på /kontrollert utfylling og det blir lagt opp til løysingar som hindrar dei som vil gå i fjøra, med ei sterk grad av privatisering, Fjøra er for alle og ein skulle også tru at dei som har nausta også skulle ha glede av ei fjøre som ikkje er fyllt med betong! Eit apropos, kva gjer balkongar i andre etasje på nausta og kvifor blir det tillate å bygge med mønehøgde som er høgare enn dei opprinnelege nausta som stod der.

Eit råd til slutt, vurder andre løysingar enn utfylling ved framtidige prosjekt. I tillegg til at fjøra og strandsona blir øydelagd,, er det stigande havnivået også ein faktor å ta omsyn til.

KOMMENTARAR PÅ FACEBOOK-SIDA TIL KOMMUNEN MAI 2018:

Anonymisert Kan ikkje vi gjer oss ferdige med prosjekt for prosjekt? Der er ein halvferdig turveg opp frå pumpehuset i Varleite mot Høgskjervene som treng ferdigstilling. Pukk-stenen enkelte parti er ikkje noko særlig for verken barnevogner, rullestolar, eller eldre, dårlig til beins med rullator/krykke. Fyll på med grus og planere ferdig 👍

Deretter knyte i hop Mørdis/Lisjevatnet og Høgskjervene/Vikeskaret. Då får vi oss ei rundløype både sommar og vinter! 😄👍

Ikkje gap over for mykje no. Det blir som å starte å pusse opp alle rom i huset før du gjer ferdig eit og eit. Då kjem fort «Sinnasnekkeren» på bana...

30 likar

Anonymisert Trur der er pengar no til Vikeskaret - stå på Leif

1 likar

Anonymisert Håper det! 😄👍 Ellers enig med Oddbjørn lenger ned i tråden rundt dei andre punkta 🙌👍

Anonymisert Bra prosjekt, men ta no for all del å far bort på Hatløya å sjå på den kommunale vegen som er der, det er ei skam. Dette er ein veg som blir brukt av fleire hundre besøkande kvart år. Hatløya Og Borgarøya Velforening

10 likar, 1 hjarte

Anonymisert Supert med nye turstier 🙌

1 likar

Anonymisert Heilt topp! 😄

1 likar

Anonymisert Gjer ferdig de dokke he begynt på først..... Veien fra vassverket og oppover ser ikkje ut 😞😞

13 likar

Anonymisert Heilt enig, alt for grov så spesielt dei minste og dei elste slit med å gå der. Burde vært gjort ferdig heilt til lisjevatnet også slik der blir ein ordentlig rundtur 👍

3 likar

Anonymisert Oppmodar om at de gjer ferdig Vassverkvegen før de tenkjer på noko anna. Den er ikkje farbar for handikappa. Vanskeleg å gå på for tobeinte og med barnevogn går det berre på reint sturr. 😞😞

5 likar

Anonymisert Må sei meg heilt enig.. skjemmende e den også 🙄

1 likar

Anonymisert Hvorfor ødelegge det flotte fjellterrenget som vi har !!!!!!!!!????? 🚗

18 likar

Anonymisert Flott m eit par slike vegar i naturen slik at flest mulig kjem seg ut, MEN er ei grense for kor mange! Å gå på «autostrada» opp til Hasundhornet vil vera for meg å ødelegge vakker urørt natur!

14 likar

Anonymisert Det må være nok med de inngrepene som allerede er gjort i fjellene rundt Ulsteinvik. Vi kan ikke temme all natur bare fordi det er teknologisk, politisk eller økonomisk gjennomførbart. Gruslagte veier i terrenget er irreversible inngrep som reduserer opplevelsen av å ta i bruk naturen. Ja til tilrettelegging av noen områder for de med nedsatt bevegelighet, men majoriteten greier å gå i ulendt terreng. Det er også vesentlig bedre for helsa å kunne ferdes på naturlige stier fremfor gruslagte veier. Hvis argumentet for å få flere opp i fjellet er at infrastrukturen må bedres, bør man heller jobbe med holdninger. Opplev naturen på naturens premisser.

50 likar

Anonymisert ødelegging av fjella

5 likar

Anonymisert Eit alternativ med turvegar for å gjere naturen betre tilgjengeleg for fleire har vore svært bra. Men det betyr ikkje at ein skal ha fortau til kvar ein nut. Eg kan skjøne at Hasundhornet peikar seg naturleg ut, men Osberget derimot har ein unik naturleg sjarme graveiskapar skal halde seg unda. Ellers, på generelt grunnlag og som mange påpeikar, ein skal ikkje byggje meir før ein klarer å ta vare på det ein alt har!

9 likar

Anonymisert 1. Gjer ferdig påbegynte prosjekt. 2. Gjer Osberget til vårt «by-fjell». 3. Kyststi frå Osnessanden til Flø. 4. Evt. sti til Hasundhornet bør byggast slik som dei har gjort på Runde.

17 likar

Anonymisert Vi har no erfaring med el.rullestol opp til Lisjevatnet og desse veiene er kjempeflotte 👍😊 :-) men 2,5m (alt A) er no vel litt overkill.. dattera vår sin elektriske er ca 80cm brei og med det eg veit er det vel ikkje mange som er større, så då er no alt ...Vis mer

9 likar

Anonymisert Kjempe bra med fleire nye turstier , der fleire kan få del i den fine naturen vi har her 👍

4 likar

Anonymisert Eg kan godt tenke med tursti til Hasundhornet 👍

2 likar

Anonymisert Syns det er heilt greitt å få utbetra stiane opp til Hasundhornet, så ein slepp å ta på sjøstøvlar for å komme seg opp etter eit par dagar med regn i området. Men tenker at kategori B eller C passar best (treng uansett ein god del grus...). For Osberget stemmer eg for kategori C.

1 likar

Anonymisert Synest det er fint å gå på den gammaldagse råsa til Osberget, men der er nokre våte parti som er trasige. Kunne dei vorte utbetra på ein varsam måte, hadde det vore nok for meg. Synest det er fantastisk kor mange som brukar dei nye stiane. Det er vel d...Vis mer

8 likar

Anonymisert Gledar meg  

Anonymisert Flott at fleire kjem seg ut i naturen, men meiner inngrepa som er gjort allereie er nok. Bruk heller ressursar på å oppgradere og vedlikehalde stiane som finst. Mange "evigvåte" parti som hadde hatt godt av litt oppmeksomhet.

4 likar

Anonymisert ...og så kan jo kommuna alliere seg med "Ulstein Stisykling" og finne noen synnergier!

1 likar